



# KARANTENENEMNDA

---

Gunhild Berge Stang

Vår dato	Din dato	Vår referanse
26. april 2021	25. mars 2021	2021/4

## Vedtak i samband med overgang til styreverv i sentralstyret i KS og regionstyret i KS Vest-Norge

Vi viser til meldinga di til Karantenenemnda datert 25. mars 2021.

### Vedtak

Karantenenemnda har gjort vedtak om at du ikkje skal ha karantene i samband med overgang frå embete som statssekretær i Kulturdepartementet (KUD) til styreverv i sentralstyret i KS og regionstyret i KS Vest-Norge.

Karantenenemnda har gjort vedtak om at du skal ha saksforbod i 6 månader frå 1. april 2021 til og med 30. september 2021. Grunnlaget for saksforbодet i saka di er karanteneleva § 7. jf. § 6 c).

### Rettsleg grunnlag

Karantenenemnda kan gje pålegg om at ein polititar eller tidlegare polititar i eit departement skal ha karantene i inntil seks månader etter at du har fråtredd frå den politiske stillinga eller embetet. Sjå lov 19. juni 2015 nr. 70 om informasjonsplikt, karantene og saksforbod for polititarar, embetsmenn og statstilsette (karanteneleva) § 6, som har denne ordlyden:

"Karantenenemnda kan, ved overgang til stilling eller verv utenfor statsforvaltningen eller etablering av næringsvirksomhet, i særlige tilfeller ilegge en politiker karantene i inntil seks måneder etter fratreden når

- det foreligger en konkret forbindelse mellom politikerens tidligere ansvarsområder, arbeidsoppgaver i den politiske stillingen eller bestemte saker som var til behandling i departementet i politikerens funksjonstid, og interessene til den virksomheten politikerens blir tilknyttet eller etablerer, eller
- politikerens tidligere ansvar og arbeidsoppgaver har gitt eller kan gi virksomheten politikerens blir tilknyttet eller etablerer, særlige fordeler, eller
- overgangen på annen måte kan være egnet til å svekke tilliten til forvaltningen generelt."

På same vilkår kan Karantenenemnda gje pålegg om saksforbod i tillegg til, eller i staden for, karantene. Sjå karanteneleva § 7. Saksforbod kan påleggjast i inntil tolv månader etter at du har fråtredd. Dersom det ligg føre særleg tungtvegande årsaker, kan det påleggjast eit saksforbod i inntil tolv månader etter at du har fråtredd, i tillegg til ein karantene på inntil seks månader.

### **Saksforholdet**

Du har vore statssekretær i Kulturdepartementet frå 1. mai 2020 til 1. april 2021. I embetet hadde du ansvar innan saksområda kultur, idrett, frivillig verksemd, media, likestilling og ikkje-diskriminering.

Du skal starte opp att som styremedlem i sentralstyret i KS og regionstyret i KS Vest-Norge. KS er interesse- og arbeidsgjevarorganisasjonen til kommunane. KS har interesser på områda til Kulturdepartementet. Kommunane har blant anna kultur- og fritidstilbod til born og unge, og dei har ofte ansvar for kulturhus, bibliotek, idrettsanlegg, kinoar og liknande. KS har møte med Kulturdepartementet.

### **Karantenenemnda si vurdering**

Karantenenemnda har vurdert om overgangen er eit særleg tilfelle som grunngjev karantene, og har kome fram til at du ikkje skal ha karantene etter karanteneleva § 6.

Karantenenemnda har vurdert om overgangen er eit særleg tilfelle som grunngjev saksforbod, og har kome fram til at vilkåra for dette i karanteneleva § 7 jf. § 6 c), er til stades.

Karantenenemnda har lagt vekt på at du har kunnskap om saker frå tida di som statssekretær som kan nyttast i saker som KS arbeider med.

Karantenenemnda har kome fram til at det er naudsynt å ilegga saksforbod i 6 månader i saka di. Det skiljet i tid som desse seks månadene utgjer bidreg til å skapa den naudsynte avstanden i tid mellom embetet som statssekretær og styreverva i KS. Eit saksforbod vil medverka til å halda oppe tiltrua til forvaltninga og det politiske systemet.

### **Saksforbodet**

Saksforbodet er eit forbod mot at du involverer deg i saker eller saksområde der Kulturdepartementet er part eller på annan måte direkte er involvert.

### **Retten til ny vurdering mv.**

Du har rett til å be om at Karantenenemnda gjer ei ny vurdering av saka di. Dersom du ønskjer ny vurdering, må du senda krav om dette innan fem dagar etter at du har motteke vedtaket. Sjå karanteneleva § 3 tredje ledd.

Du kan ikkje gå til søksmål for å få gjort Karantenenemnda sitt vedtak ugyldig utan at det er kravd ny vurdering, og ny vurdering er gjeven. Sjå karanteneleva § 3 femte ledd. Etter forvaltningslova § 18 jf. § 19 har du rett til å sjå dokumenta i saka.

Informasjonsplikta etter karanteneleva § 5 gjeld i eitt år etter at du har fråtredd det politiske embetet eller den politiske stillinga.

Med helsing

Reidun Slåen (e.f.)

Ada Lindset

*Vedtaket frå Karantenenemnda er godkjent elektronisk og inneheld ikkje signatur*

Kopi:  
Kulturdepartementet  
Statsministerens kontor  
KS